

Ikkje sal førebels på Eikelandet**06.02.2009**

**Førebels er ikkje nokon av dei åtte prosjekterte einebustadane på Eikelandet selde, får uskedalen.no opplyst hos Eiendomsmegler 1 som har ansvaret for salet.
Men meklaren presiserer at prosjektet ikkje har lege på nettet meir enn vel ei veke.**

Dessutan er ikkje markedet for tida det sprekaste ein kan tenkje seg....

Under eit ope møte før jul om aktuelle bustadprosjekt i Uskedalen var representanten for investoren Sagvåg Invest på Stord optimistisk med omsyn til mogelegheiter for sal allereie på den sida av årsskiftet. Men optimismen har altså ikkje gjeve noko resultat så langt.

Situasjonen gjer at prosjektet naturleg nok heller ikkje er starta opp 'i marka'. Det vanlege er at første spadestikk blir teke etter at to bustader er selde, seier meklaren.

Prisantydningen for kvar av dei åtte einebustadane er 2 950 000 kroner.
I prospektet blir det opplyst at det er 'spennende eneboliger over tre plan beliggende helt i sjøkanten' og at 'det følger med egen båtplass'.
Bustadkomplekset på Eikelandet er døypt Hardangerfjord Brygge.

Av Ola Matti Mathisen